

Vestlandsforskning-rapport nr. 2/2017

# Digitaliseringsfylket

## Sogn og Fjordane

Forprosjekt-rapport

Svein Ølnes

# Vestlandsforskning-rapport

<b>Tittel</b> Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane - Forprosjektrapport	<b>Rapportnummer</b> 2/2017 <b>Dato</b> Mars 2017 <b>Gradering</b> Offentleg
<b>Prosjektittel</b> Digitaliseringsfylket	<b>Tal sider</b> : 18 + 10 <b>Prosjektnr.</b> : 6430
<b>Forskarar</b> Svein Ølnes (prosjektleder)	<b>Prosjektansvarleg</b> Ivar Petter Grøtne
<b>Oppdragsgivar</b> Vik kommune	<b>Emneord</b> Digitalisering Kommunesamarbeid Infrastruktur Arkiv Meldingsutveksling

## Samandrag

Forprosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» har undersøkt stoda i kommunane i fylket på områda:

- Arkiv til arkiv-utveksling av informasjon (elektronisk dokumentutveksling – EDU)
- Avlevering av arkivinformatjon til depot
- Bruk av sikker digital post og e-signering
- Løysingar for innsyn i offentleg postjournal

Resultata frå forprosjektet viser at det er eit stort innsparingspotensial ved innføring av elektronisk dokumentutveksling og at det er grunnlag for eit hovudprosjekt for å gjennomføra og realisera dei tiltaka som er nemnde over.

## Summary

The pre-project «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» has carried out an investigation of the status for the municipalities in the county of Sogn og Fjordane in these areas:

- Digital archive-to-archive exchange
- Automated depositing of archive material from the municipalities to a governmental depot
- The use of secure digital mail to communicate with citizens and businesses
- New solutions for citizens' access to public correspondence

---

The investigations have shown that there is a substantial potential for economic savings in the use of digital communication between public archives. The identified potential justifies planning a main project to realize this and other identified potential benefits.

---

ISBN: 978-82-428-0375-7

Pris:

---

## Forord

Vestlandsforskning har gjennomført forprosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» på oppdrag av Vik kommune. Forprosjektet har vorte støtta av Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vest) i tillegg til eigeninnsats frå prosjektpartnerane.

I tillegg til Vik kommune har Difi, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane medverka i prosjektet. Også Førde kommune og Hornindal kommune har medverka i prosjektet. Geir Svendsen, Vik kommune, har representert prosjekteigar. Han er også leiar av IT-forum Sogn og Fjordane sitt Breibandforum og har saman med ass. Fylkesmann Gunnar Hæreid som leiar av IT-forum Sogn og Fjordane, sørja for forankringa i dette forumet.

Denne rapporten omtalar forprosjektet RFF Vest har støtta økonomisk. RFF Vest kallar forprosjekt for kvalifiseringsprosjekt. I rapporten er både forprosjekt og kvalifiseringsprosjekt brukt, men omgrepa betyr altså det same.

Takk til RFF Vest for delfinansiering av forprosjektet.

Vestlandsforskning, mars 2017

# Innhold

<b>Samandrag</b> .....	<b>6</b>
<b>1. Bakgrunn for «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane»</b> .....	<b>7</b>
<b>2. Metode</b> .....	<b>9</b>
<b>3. Resultat</b> .....	<b>10</b>
3.1 Arkivløysing og dokumentutveksling .....	10
3.2 Innsyn i offentlig postliste.....	14
3.3 Avlevering av arkivmateriale til depot .....	15
3.4 Sikker digital post og e-signering .....	17
<b>4. Gevinstrealisering</b> .....	<b>18</b>
<b>5. Oppsummering og vidare arbeid</b> .....	<b>19</b>
<b>Referansar</b> .....	<b>20</b>
<b>Vedlegg 1: Alle svar</b> .....	<b>21</b>

# Samandrag

Forprosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» har undersøkt stoda i kommunane i fylket på områda:

- Arkiv til arkiv-utveksling av informasjon (elektronisk dokumentutveksling – EDU)
- Avlevering av arkivinformatjon til depot
- Bruk av sikker digital post og e-signering
- Løysingar for innsyn i offentleg postjournal

Resultata frå undersøkinga er brukt som grunnlag for ein søknad til Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vest) om finansiering av eit hovudprosjekt med same namnet. Dei har også vore grunnlag for ein gevinstrealiseringsplan som skal detaljerast ytterlegare i eit hovudprosjekt.

Kvalifiseringsprosjektet (= forprosjektet) «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» har vist at det både er stor interesse frå kommunane i Sogn og Fjordane for prosjektinnhaldet, og at det er eit stort gevinstpotensial i realiseringa av planane.

Resultat frå ei spørjeundersøking der alle dei 26 kommunane i fylket svarte, viser at det er eit stort behov for ein samla og koordinert innsats på området elektronisk dokumentutveksling (EDU) mellom arkiv, automatisk avlevering av arkivmateriale og innføring av sikker digital post og e-signering. Det går likevel fram av undersøkinga at mange er usikre på kva løysing dei skal velja for EDU. Det trengst ei klargjering av kva SvarUt og SvarInn kan gjera, og korleis den nye felleskomponenten for meldingsutveksling som Difi har ansvaret for, passar inn i biletet.

Resultata frå spørjeundersøkinga viser også at potensialet for innsparing ved innføring av EDU truleg er større enn det Difi har estimert tidlegare. Kommunane oppgir at 25-30 % av posten dei mottek, kjem frå andre offentlege etatar eller skal til ein av desse. Det gir eit innsparingspotensial på i underkant kr 3,0 mill. pr. år for kommunane i fylket i form av redusert tidsbruk. Ved ei vidareføring av prosjektet til eit hovudprosjekt, vil det bli utarbeida planar for gevinstrealisering for kommunane for å utnytta det innsparingspotensialet som er identifisert.

Kommunane Sogn og Fjordane er i ein særleg god posisjon til å ta ei leiande rolle i dette arbeidet. Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane er det etablert eit solid fundament for koordinering av felles digitaliseringsssatsingar. Med eit godt samarbeid med Difi, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ligg det også godt til rette for det viktige og avgjerande samarbeidet mellom kommunale og statleg sektor, noko Digital Agenda for Norge understrekar tydeleg.

Kvalifiseringsprosjektet har alt resultert i ein søknad til RFF Vest om støtte til eit hovudprosjekt, og avhengig av resultatet av den prosessen vil arbeidet med å realisera planane i Digitaliseringsfylket halda fram.

# 1. Bakgrunn for «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane»

Idéen om eit digitaliseringsløft for kommunane i fylket vart lansert av Difi på eit seminar arrangert av IT-forum Sogn og Fjordane like før jul i 2015. Avdelingsdirektør Torgeir Strypet utfordra IT-forum til å ta tak i problemstillingar kring digital meldingsutveksling mellom arkivsystem i kommunane på vegne av desse, og å gjera det i samarbeid med Difi og andre aktuelle samarbeidspartar. Deltakarane på seminaret responderte positivt på utfordringa og det vart gjennomført fleire møte mellom Difi, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Vik kommune og Vestlandsforskning for å konkretisera innhaldet i det som vart kalla «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane».

Vik kommune fekk midlar frå ordninga «Fornyng av offentleg sektor» for å halda planlegginga i gang og søkja om ytterlegare finansiering. Fornyngsmidlane resulterte i ein søknad til RFF Vest om finansiering av eit forprosjekt, og denne rapporten er eit resultat av det prosjektet.

## Problemstillinga

Digital agenda for Norge (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2016) slår fast at eit betre samarbeid mellom stat og kommunar er sentralt for å lykkast med digitaliseringsarbeidet i offentleg sektor, og at ein i digitaliseringsarbeidet må tenkja **ein samla offentleg sektor** og ikkje sektorvis. Digitaliseringsrundskrivet (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2016) følgjer opp dette med konkrete utfordringar til statleg sektor for det nærmaste året, og pålegg statlege etatar meir samarbeid med kommunane i digitaliseringsprosjekt. Kommunane heng etter i digitaliseringsarbeidet, og særleg gjeld det dei mindre kommunane (Riksrevisjonen, 2016). Prosjektet **Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane** (DigiSFj) adresserer dette ved å prøva å løfta kommunane i fylket gjennom eit omfattande samarbeid med statlege etatar, og at dette kan bli eit eksempel også for andre kommunar på Vestlandet og landet elles.

Prosjektet "Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane" (DigiSFj) skal effektivisera dokumentutvekslinga i kommunane for å frigi ressursar og få betre digitale tenester til innbyggjarane. Gjennom kvalifiseringsprosjektet (= forprosjekt) skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig for å realisera innovasjonen. DigiSFj skal løfta kommunane i fylket på tre viktige område innan dokumentutveksling:

1. Automatisering av elektronisk dokumentutveksling mellom offentlege verksemder (arkiv-til-arkiv-utveksling)
2. Automatisering av plikt-avlevering til arkivdepot (støttar Riksarkivet sitt eArkiv-initiativ)
3. Få kommunane til å ta i bruk den nye elnnsyn-løysinga som er under utvikling for innsyn i offentlege saker

I løpet av forprosjektperioden har også sikker digital post (SDP) og e-signering vorte lagt til som oppgåver. Forprosjektet skal også kartleggja status på desse områda som eit grunnlag for eit vidare prosjekt.

Vik kommune kjenner dagleg på problema med meirarbeid på grunn av til dels tungvinte arkivløysingar og spesielt overføring av dokument mellom ulike verksemder. Kommunen har stått i spissen for alle dei 26 kommunane i fylket og har fått hjelp av Førde kommune og Hornindal kommune til koordinering av kommunane i respektive regionar.

Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane er det utvikla eit godt samarbeid mellom offentlege verksemder, FoU-institusjonar (særleg Vestlandsforskning) og private verksemder i meir enn 20 år. Saman er det gjennomført mange vellykka prosjekt som omfattar alle kommunane i fylket, seinast meldingsutveksling i helsesektoren og innføring av velferdsteknologi. Dei gode erfaringane med innføring av meldingsutveksling mellom pleie- og omsorgssektoren, Helse Førde og legekontora (prosjektet *Meldingsløftet*) er eit viktig fundament og erfaringane frå det prosjektet vil også bli brukt i DigiSFj.

Samarbeidet i IT-forum er ein viktig grunn til at prosjekt som Meldingsløftet var så vellykka. DigiSFj byggjer vidare på same malen der IT-forum Sogn og Fjordane blir ei viktig koordineringsplattform for samarbeidet mellom kommunane, statlege etatar, fylkeskommune og FoU-institusjonar.



## 2. Metode

Data frå forprosjektet er henta inn gjennom ei nettbasert spørjeundersøking (sjå vedlegg 1). Spørjeundersøkinga vart utforma Vestlandsforskning med innspel frå prosjektpartnerane. Fleire møte i konsortiet ga viktig bakgrunnsmateriale som grunnlag for utforminga av spørsmål.

Spørjeundersøkinga vart sendt ut via e-post 9. januar 2017 til postmottaka i alle dei 26 kommunane i fylket. I e-posten vart postmottaka oppmoda om å senda undersøkinga til arkivleiar i kommunen, eller den personen som har ansvaret for arkivet. Etter nokre purrerundar fekk vi til slutt svar frå alle kommunane, med andre ord ein svarprosent på 100.

Programmet SurveyMonkey vart brukt til å utforma og administrera spørjeundersøkinga. Ein del av figurane er henta frå dette programmet.

## 3. Resultat

Spørjeundersøkinga (sjå vedlegg 1) som vart sendt til alle kommunane i Sogn og Fjordane, hadde i alt 25 spørsmål inkludert eit siste, ope spørsmål med høve til å kommentera undersøkinga.

Kvalifiseringsprosjektet har vist eit stort behov for hjelp til kommunane i meir effektiv dokumenthandsaming, og kommunane uttrykkjer eit klart ønskje om eit betre samarbeid med staten i dette arbeidet. I dette prosjektet vil det statlege Difi vera ein aktiv samarbeidspartnar som sikrar eit godt stat-kommune-samarbeid. Sogn og Fjordane er i ei særstilling som har Difi lokalisert i Leikanger, og nærleiken gjer at eit slikt prosjekt har større sjanse for å lykkast her enn i andre fylke.

Undersøkinga gjennomført i kvalifiseringsprosjektet viser at det er nødvendig med eit digitalt løft innan arkiv og dokumenthandtering i kommunane, slik strategi-planane også legg opp til. Alle dei 26 kommunane i fylket svarte på undersøkinga, og vi har dermed fått eit fullstendig bilete av no-situasjonen på området.


Kommunane svarer at den eksisterande BEST-løysinga for EDU (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2007) ikkje fungerer tilfredsstillande og at det er trong for betre løysingar.

### 3.1 Arkivløysing og dokumentutveksling

I gjennomsnitt handterer kommunane i underkant av 10 000 arkivpostar i året, og 20-25 % av desse har andre offentlege etatar som avsendar eller mottakar. Samla blir det ein stad mellom 50 000 og 60 000 arkivpostar årleg. Det viser at potensialet for effektivisering av dokumentutveksling er stort, og truleg større enn det Difi opererer med i sine estimat på kr 323 mill. over ein 10-årsperiode (Direktoratet for forvaltning og IKT, 2015). I dette estimatet er det teke utgangspunkt i at 646 offentlege verksemder<sup>1</sup> utveksla i alt 1,5 mill. dokument. Det er rundt 15 % av den totale mengda arkivpostar (rekna til 10 millionar). Difi skriv sjølv at dette er eit forsiktig estimat (ibid.).

---

<sup>1</sup> 428 kommunar, 18 fylkeskommunar og 200 statlege etatar



Figur 1: Skisse av transport-infrastruktur for meldingsutveksling (Direktoratet for forvaltning og IKT, 2015)

Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane er delen av arkivpostar som blir sende eller mottekne frå andre offentlege verksemdar, og som dermed potensielt kan utvekslast digitalt utan trong for manuell innstasting av arkivdata, større enn det Difi opererer med.

Difi har rekna ut at manuell sending og mottak av brev mellom offentlege institusjonar kostar ca. kr 60,- pr. sak/brev (Direktoratet for forvaltning og IKT, 2015). Dersom dei økonomiske føresetnadene i denne utrekn blir lagde til grunn for mengda offentlege brev/saker i kommunane i Sogn og Fjordane, inneber det eit innsparingspotensial på ca. kr 3,6 mill. før kostnader til digitalisering.

Kostnadsbiletet i Difi-undersøkinga (ibid.) er samansett av kostnader til sentral og til lokal løysing. For kommunane er det kostnadene knytte til den lokale løysinga som er interessant og den er vidare delt i faste kostnader til vedlikehald av digital løysing (ca. kr 30 000,-) og variable kostnader knytt til kva melding (brev/sak) som blir sendt (rekna til kr 0,16 pr. melding).

For dei 26 kommunane i fylket blir estimert økonomisk gevinst som vist i tabellen under.

Tabell 1: Estimert innsparingspotensial for kommunane i Sogn og Fjordane

Inntekts- og kostnadstype	Inntekt/Kostnad	Omfang	Sum inntekt/kostnad
Innsparing digital mld.utveksling	60,-	60 000	3 600 000
Grensesnitt sak- og arkivsystem	8 000,-	26	208 000
Integrasjonspunkt	20 000,-	26	520 000
Meldingsutveksling	0,16	60 000	9 600
<b>Sum økonomisk gevinst</b>			<b>2 862 400</b>

Dei 26 kommunane i fylket brukar i dag arkivløysing frå to leverandørar; ACOS (22 kommunar) og EVRY (4 kommunar). Det vil gjera ei eventuell innføring av tilleggsløysingar for arkivsystema enklare.

### **BEST – elektronisk dokumentutveksling mellom offentlege arkiv**


Alle kommunane bortsett frå ein svarer at dei brukar BEST-løysinga frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til utveksling av arkivmateriale mellom offentlege arkiv. Truleg brukar også den siste kommunen, som ikkje har svart på spørsmålet, BEST-løysinga slik at det er 100 % oppslutnad om denne blant kommunane i fylket.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utvikla BEST-løysinga for rundt 10 år sidan, og har sidan då arbeida for å innføra den både i fylket her og elles i landet. Alle kommunane i Sogn og Fjordane har teke i bruk løysinga, men elles i landet er det lite bruk. Løysinga lir av mangel på eit sentralt og koordinerande punkt, og det blir mykje arbeid med vedlikehald av verksemdssertifikat m.m. Difi har endeleg fått ansvaret for meldingsutveksling som eigen felleskomponent, og dermed blir det ei løysing på dette problemet. Men mange av kommunane seier likevel at BEST-løysinga har spart mykje arbeid, trass i ein del drifts- og vedlikehaldsproblem. Konklusjonen frå kommunane er at BEST er bra så lenge det fungerer.

Sidan alle kommunane i fylket brukar BEST-løysinga er Sogn og Fjordane i ein særskilt situasjon for å ta neste steg i digitaliseringa. Prosjektet Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane er svaret på satsinga for å få kommunane i fylket til å ta det neste steget, og gjennom det også bli eit føredøme for andre kommunar som kan læra av erfaringane.

### **BEST, SvarUt, SvarInn**

Det er likevel litt uklart kva som skal vera det neste steget i digitalisering av dokumentutveksling. KS lanserte SvarUt som ei løysing der brev frå kommunen går direkte frå arkivsystemet til meldingsboks i Altinn. Bergen kommune stod for utviklinga på vegne av KS Kommit. Etter at regjeringa ved KMD avgjorde at Sikker digital post (SDP) skal handterast av Difi og dei kommersielle tilbydarane DigiPost og eBoks, har det vorte krav om at SvarUt også må tilpassast den nye løysinga og ikkje gå gjennom Altinn. I tillegg til SvarUt har KS også etablert SvarInn som løysing for inngåande post til kommunane. Figuren under viser korleis KS sitt system for EDU til og frå arkivsystem fungerer.



Figur 2: KS sitt system for elektronisk meldingsutveksling til og frå arkiv (KS, 2016)

Samla sett viser oversikten i dette kapittelet saman med svara frå kommunane at det er eit stort behov for opprydding og klargjering i kva løysingar kommunane skal bruka. Er det SvarUt/SvarInn som skal erstatta BEST-løysinga eller er det den nye meldingskomponenten til Difi? Eller spelar Difi sin felleskomponent for meldingsutveksling på lag med KS si løysing? Det er viktig at kommunane får gode råd på dette området.

Fem kommunar har teke i bruk SvarUt medan seks av kommunane er i gang med planlegging og skal innføre løysinga i løpet av 2017. Kommentaraane elles viser ein del av dei uavklarte spørsmåla kommunane sit med på dette området:

*Digital kommunikasjon med innbyggere er selvsagt framtida. kan være forvirrende for innbygger - de tror at de skal sende svar til kommunen til Altinn. Kommunen har ennå ikke fått annen måte å motta digital post enn epost. Undersøker muligheter.*

*SvarUt virkar ok, det vesle eg kjenner til dette. Altinn er ikkje god løysing for kommunen. Mange påloggingar og stor sjanse for dokumenttap. Så lenge ikkje kommunen har offentleg sagt at vi skal mottak på Altinn, bør vi heller ikkje få post dit. Slike løysingar for kommunikasjon mot innbyggjar eller offentlege*

*Vi avventer leverandør av saksbehandlarsystemet sine tilrådingar om kva kommunikasjon vi skal ta i bruk, og når systemet er klar for å ta det i bruk, vil vi starte.*

*Me er positive til dette, men me er avhengige av at løysinga er stabil. Det blir ei utfordring å få innbyggjarane til å opprette digipost eller liknande.*

*Det er ikke på nåværende tidspunkt tatt stilling til hvilken løsning en skal velge.*

*SvarUT/SvarINN/SDP: Altfor mange forvaltningsnivå å forhalde seg til når det gjeld innføring: Difi, KS, Evry på vegner av folkereg og leverandør av fagsystem.*

*Tema(dig. ordningar for sending/mottak): Virka litt uoversikteleg akkurat no. Litt "mange" alternativ som blir lanserte litt for tett, og det blir nesten teke som ein selfølgje at kommunane held same tempo. Vi er mange kommunar som skal ta inn over oss desse ordningane. Kostnad er sjølvsagt eit tema også.*

Men det må også understrekes at kommunane er positive til utviklinga der kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv blir digitalisert, og der arkivsaker mellom offentlege etatar blir digitalisert.

### **3.2 Innsyn i offentleg postliste**

Dei fleste kommunane (19) har fulltekst-innsyn i postlistene, noko som betyr at både inngåande og utgåande post er tilgjengeleg for innsyn frå kommunen sin nettstad. To kommunar har berre innsyn i utgåande post medan fem kommunar oppgir at dei ikkje har fulltekst-innsyn i verken inn- eller utgåande post. For dei siste er det berre metadata (frå, til, dato, tittel på brev) som er tilgjengeleg.

Arbeid knytt til innsynskrav til dokument som ikkje er tilgjengelege gjennom nettsidene, varierer mykje og kan ta alt frå 10 minuttar til ein halv dag, og enkelte tilfelle fleire dagar. Dei fleste kommunane svarer at det tek mellom 20-30 min. og 2-3 timar.

Tilrettelegginga av postlista kvar dag tek i gjennomsnitt 30 minuttar. Men arbeidet med sorteringa av post m.m. tek lenger tid.

### 3.3 Avlevering av arkivmateriale til depot

Handtering av arkivmateriale i offentlig sektor er styrt av arkivlova (Stortinget, 1999) der det i § 1 heiter om føremålet:

«Føremålet med denne lova er å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.

Om avlevering av arkivmateriale heiter det i § 10 3. – 5. ledd:

Riksarkivaren kan fastsetja at kommunale arkiv skal avleverast til Arkivverket eller annan institusjon, dersom dette er naudsynt for å tryggja arkivet eller når særlege omsyn tilseier dette.

Ved avlevering til Arkivverket overtek Riksarkivaren råderetten over arkivet.

Kostnadene ved avlevering skal dekkjast av det avleverande organet.

Detaljerte føresegner er gjevne i forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (Kulturdepartementet, 2000) der kapittel IV om bevarings- og kassasjonsbestemmelser for fylkeskommunale og kommunale arkiv er endra ved forskrift 20.12.2013. Kapittel VIII har detaljerte føresegner for korleis arkivmateriale skal avleverast med tanke på format og ulike standardar av Noark (og Koark). Normal avleveringsperiode er 25-30 år, dvs. at arkivmateriale som skal langtidslagrast skal avleverast når det er 25-30 år gammalt.

Dei aller fleste kommunane har eit visst etterslep i avlevering av arkivmateriale. 10 kommunar oppgir å ha eit stort etterslep, medan 11 kommunar oppgir å ha noko etterslep. Berre to kommunar opplyser at dei er ajour med avlevering. For mange av kommunane gjeld det at dei er ajour med avlevering fram til 1964, og at etterslepet i stor grad gjeld arkivmateriale etter den tida.

Den viktigaste grunnen til etterslep er mangel på ressursar til arbeidet, noko 23 av dei 26 kommunane svarer. Fem av kommunane oppgir i tillegg tekniske utfordringar og manglar som ein grunn for etterslepet.

På spørsmålet om behov og ønskje framover for avlevering av arkivmateriale, er dette nokre av svara:

*Å få avlevert alt arkivmateriale for heile organisasjonen t.o.m 1999.*

*Ønske er der - mangler tid. Har det på lista.*

*Gbnr arkivdel*

*Betre fleksibel ordning for avleveringa (Dette er no i ferd med å betre seg) Meir fokus frå kommuneleiinga og at det kan bli sett av nokre ekstra ressursar både frå fylkearkivet og*

*kommune slik at vi kan få rydda opp i eldre arkiv. Framtida vil jo vere elektronisk slik at arkivarbeidet no er i stor endring*

*Har ikkje konkrete planar. Har valt å prioritere innføring av elektronisk arkiv og SvarUT/SvarINN. Viser elles til Riksarkivet sine rapportar frå kommunane om mengde arkivmateriale, både ferdig ordna og uordna - sjå nettsida deira.*

*Stort behov for å ordne og avlevere papirarkiv og digitale arkiv.*

*behovet er å kjøpe tenester - utfordringar er budsjett*

*Fortløpande avlevering til fylkesarkivet.*

*Uvisst kvar xxx skal avlevere pga kommunesamanslåing. Uansett treng ein meir ressursar til arkivtenesta for å få avlevere.*

*Kommunen skal avlevere for tidsrommet 1965 - 1997*

*Ein del uordna materiale ynge enn 1964, treng meir ressursar, økonomisk for å betale for ordning av td Fylkesarkivet*

*Me kunne nok tenkt oss å avlevert arkivmateriale, ettersom lokala våre er "sånn passe", men ser ikkje heilt korleis me skal få tid til å ordne materialet. Med dårleg kommuneøkonomi er det heller ikkje noko alternativ å leige hjelp til dette.*

*Personregistermateriale. Periode frå 1964 - ca. 1998*

*Pga samanslåing av kommuner - relativt stort behov*

*Avlevering digitalt*

*Vi planlegg å komme i gang med arbeidet med avlevering.*

*Rydding av personregister og saksarkiv frå 1965 - 1988/1990. Nyare arkiv (1988/1990 - 2009) har vi avtale med Fylkesarkivet om at dei tek imot urydda.*

*Me ynskjer å avlevere elektroniske uttrekk frå Acos Websak. Me gjekk fullelektronisk 01.01.2009, og me har endå ikkje fått dette til å fungere.*

*Vi jobber med arkiv og klargjøring for avlevering hver dag.*



*Kommunen treng først og fremst mere ressurser til ordning av arkivmateriale. Grunna plass er det behov for å deponere mere av arkivmateriale. Utfordringa for kommunen er det økonomiske ved leie av mere plass på fylkesarkivet og utgifter ved å øke bemanninga.*

Oppsummert kan vi seia at ei løysing på den digitale avleveringa vil kunna frigi ressursar til å ta tak i det store etterslepet i papirarkivet, særleg perioden 1965 – 1995. Kommunesamanslåinga fører også til nye problemstillingar og behov for ein ekstra innsats på området.

### **3.4 Sikker digital post og e-signering**

10 av kommunane svarer at dei vil ta i bruk sikker digital post (SDP) om ikkje lenge. Dette må også sjåast i samanheng med å ta i bruk SvarUt og dei kanalane den løysinga baserer seg på. 11 av kommunane seier at dei ikkje har planar om å ta i bruk sikker digital post.

Berre ein kommune oppgir å ha teke i bruk e-signeringsløysing for at innbyggjarar og næringsliv skal kunna signera dokument elektronisk. Det må sjåast på bakgrunn av at løysingar på dette området er ganske nye slik at det har vore lite tid for kommunane både å bli orienterte om tilbodet, og å leggja planar for innføring. På spørsmål om kva som skal til for å innføra e-signering, svarer mange at dei må få tilbod om tekniske løysingar som passar. Enkelte kommenterer at dei treng meir informasjon om kva e-signering inneber.

## 4. Gevinstrealisering

Gevinstrealisering har fått auka merksemd dei siste åra og planar for realisering av forventta gevinstar står sentralt i mange IT-prosjekt i offentleg sektor. Gevinstrealisering, eller Benefits Management/Benefits Realization Management, blir definert slik av Ward og Daniel (1999):

“The process of organizing and managing, such that the potential benefits arising from the use of IT are actually realized”

I norsk oversetning har Leif Flak (2012) formulert det slik:

“prosessen med å organisere og lede slik at mulige gevinster fra bruk av informasjonssystemer/informasjonteknologi faktisk realiseres”

Ein ting er å planleggja og forventta gevinstar ved digitalisering, ein annan ting er å realisera desse. Arbeid med gevinstrealisering går ut på at dette likevel ikkje skal vera to skilde prosessar, men gå hand i hand. Dersom ein ikkje har ein plan for realisering av gevinstar alt ved starten av eit prosjekt, er det fare for at ein stor del av gevinstane aldri blir realisert.

Difi sitt arbeid med profesjonalisering av prosjektgjennomføring, konkretisert i tenesta Prosjektvegisaren, legg også stor vekt på gevinstrealisering. Prosjektvegisaren er ein tilrådd modell for gjennomføring av digitaliseringsprosjekt i offentleg sektor. I Prosjektvegisaren er arbeidet med gevinstrealisering (GR) delt opp i følgjande stadium:

- GR i konseptfasen
- GR i planleggingsfasen
- GR i gjennomføringsfasen
- GR i avslutningsfasen
- GR i realiseringsfasen

Ofte har gevinstrealisering vorte sett på noko som skal følgja etter at digitaliseringsprosjektet er avslutta. Men då er det ofte for seint. Det er viktig at gevinstrealisering kjem inn tidleg i prosjektet, sjølv om den fulle realiseringa ofte skjer etter at prosjektet er avslutta. Til dette arbeidet er Direktoratet for økonomistyring, DFØ, sin rettleiar (2014) eit godt hjelpemiddel.

DFØ definerer ein gevinst som «en effekt som blir sett på som positiv av minst én interessent.» (ibid.) Og ein *effekt* er vidare ei endring i tilstand hjå brukarane eller i samfunnet som følgje av tiltaket som er sett i verk (digitaliseringsprosjektet i dette tilfellet). Det er med andre ord ganske mykje som kan falla inn under omgrepet gevinst, og dermed også mykje å ta omsyn til i planlegginga av realiseringa av gevinstane. Gevinstane kan vera både kvalitative (betre tenester) og kvantitative (25 % fleire dokument sende automatisk mellom offentlege arkiv).

Arbeidet med gevinstrealisering kan bli veldig omfattande, som både Prosjektvegisaren og DFØ sin rettleiar viser. I dette forprosjektet har vi berre fått sett nøyare på innsparingspotensialet ved innføring av elektronisk dokumentutveksling mellom arkivsystem. I eit vidareført hovudprosjekt for

«Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» vil vi ta for oss gevinstrealiseringa i full breidde med utgangspunkt i dei ressursane som er nemnde over, men tilpassa og forenkla dei til føremålet.

## 5. Oppsummering og vidare arbeid

Kvalifiseringsprosjektet (= forprosjektet) «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» har vist at det både er stor interesse frå kommunane i Sogn og Fjordane for prosjektinnhaldet, og at det er eit stort gevinstpotensial i realiseringa av planane.

Resultat frå ei spørjeundersøking der alle dei 26 kommunane i fylket svarte, viser at det er eit stort behov for ein samla og koordinert innsats på området elektronisk dokumentutveksling mellom arkiv (EDU), automatisk avlevering av arkivmateriale og innføring av sikker digital post og e-signering. Det går likevel fram av undersøkinga at mange er usikre på kva løysing dei skal velja for EDU. Det trengst ei klargjering av kva SvarUt og SvarInn kan gjera, og korleis den nye felleskomponenten for meldingsutveksling som Difi har ansvaret for, passar inn i biletet.

Resultata frå spørjeundersøkinga viser også at potensialet for innsparing med digitalisering av arkivutveksling truleg er større enn det Difi har estimert tidlegare. Kommunane oppgir at 25-30 % av posten dei mottek, kjem frå andre offentlege etatar eller skal til ein av desse. Det gir eit innsparingspotensial på i underkant kr 3,0 mill. pr. år for kommunane i fylket i form av redusert tidsbruk. Ved ei vidareføring av prosjektet til eit hovudprosjekt, vil det bli utarbeida planar for gevinstrealisering for kommunane for å utnytta det innsparingspotensialet som er identifisert.

Kommunane Sogn og Fjordane er i ein særleg god posisjon til å ta ei leiande rolle i dette arbeidet. Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane er det etablert eit solid fundament for koordinering av felles digitaliseringssatsingar. Med eit godt samarbeid med Difi, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ligg det også godt til rette for det viktige og avgjerande samarbeidet mellom kommunale og statleg sektor, noko Digital Agenda for Norge understrekar tydeleg.

Kvalifiseringsprosjektet har alt resultert i ein søknad til RFF Vest om støtte til eit hovudprosjekt, og avhengig av resultatet av den prosessen vil arbeidet med å realisera planane i Digitaliseringsfylket halda fram.

## Referansar

- Direktoratet for forvaltning og IKT. (2015). *Løsning for meldingsutveksling i offentlig sektor* (Difi-rapport No. 2015:3). Oslo: Difi. Retrieved from <https://www.difi.no/rapport/2015/03/losning-meldingsutveksling-i-offentlig-sektor>
- Direktoratet for økonomistyring. (2014). *Gevinstrealisering - planlegging for å hente ut gevinster fra offentlige prosjektet* (p. 52). Oslo: Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Retrieved from [http://www.dfo.no/Documents/FOA/publikasjoner/veiledere/DF%C3%98%20veileder%20-%20Gevinstrealisering\\_web.pdf](http://www.dfo.no/Documents/FOA/publikasjoner/veiledere/DF%C3%98%20veileder%20-%20Gevinstrealisering_web.pdf)
- Flak, L. S. (2012). *Gevinstrealisering og offentlige IKT-investeringer*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2007). *Elektronisk samhandling og meldingsutveksling mellom Noark-system*. Leikanger: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2016). *Meld. St. 27 (2015-2016): Digital agenda for Norge - IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* (Meld. St.). Oslo: KMD. Retrieved from <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). (2016, November 25). Digitaliseringsrundskrivet 2016. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Retrieved from [https://www.regjeringen.no/contentassets/5c0d4d3fe4f14286aabd818afe618ffc/digitaliseringsrundskrivet\\_2016.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/5c0d4d3fe4f14286aabd818afe618ffc/digitaliseringsrundskrivet_2016.pdf)
- KS. (2016, August 29). Dette er mottaksservicen SvarInn [Offentleg nettsted]. Retrieved March 10, 2017, from <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/svarut/dette-er-mottaksservicen-svarinn/>
- Kulturdepartementet. Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver, Pub. L. No. FOR-1999-12-01-1566, FOR-1999-12-01-1566 (2000). Retrieved from <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1999-12-01-1566>
- Riksrevisjonen. (2016). *Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av kommunale tjenester* (No. Dokument 3:6 (2015-2016)). Oslo: Riksrevisjonen.
- Stortinget. Arkivlova, LOV-1992-12-04-126, Pub. L. No. LOV-1992-12-04-126 (1999). Retrieved from <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-126?q=arkivlova>
- Ward, J., & Elvin, R. (1999). A new framework for managing IT-enabled business change. *Information Systems Journal*, 9(3), 197–221.

## Vedlegg 1: Alle svar

### 1. Namn på kommunen og den som fyller ut

Alle 26 kommunane i Sogn og Fjordane svarte på undersøkinga. Undersøkinga vart sendt til arkivansvarleg i kommunen.


### 2. Kor mange årsverk er knytt til arkivtenesta i kommunen?

Det varierer frå 0,5 årsverk til 3,0 årsverk brukt til arkivteneste i kommunane. I gjennomsnitt 1,8 årsverk pr. kommune. I tillegg er det personar som arbeider med arkiv, men berre som ein mindre del av stillinga.

### 3. Har kommunen ein arkivplan

#### Har kommunen ein arkivplan?

Besvart: 26 Hoppet over: 0



### 4. Når vart arkivplanen sist oppdatert?

Årstal	Tal kommunar
2016	7
2012-2015	3
2005-2011	4
Før 2005	5
Er i gang med oppdatering	6


### 5. Kor mange arkivpostar (inn- og utgåande) har kommunen i løpet av eit år?

Talet på arkivpostar varierer frå 3 000 til 22 000. Totalt har kommunane ca. 240 000 arkivpostar og det gir eit gjennomsnitt pr. kommune på ca. 9 600 postar.

## 6. Kor stor del av posten...

**Kor stor del av posten (inngåande og utgåande) er frå/til andre offentlege institusjonar (kommunar, fylkeskommune, statlege etatar) i løpet av eit år?**

Besvart: 25 Hoppet over: 1



## 7. Kva arkivsystem brukar kommunen?

22 kommunar brukar ACOS Websak, medan 4 kommunar brukar ESA.


## 8. Brukar kommunen innsynsløysing frå leverandøren av arkivsystem?

Dei fleste gjer det. Nokre få svarer eit anna system, men i dette spørsmålet er det truleg litt misforståing.

## 9. Kva type innsynsløysing har kommunen i dag?

### Kva type innsynsløysing har kommunen i dag?

Besvart: 26 Hoppet over: 0



## 10. Brukar kommunen BEST-systemet for aut. overføring av arkivsaker til andre off. verksemder?

Alle kommunane oppgir at dei brukar BEST-systemet.

## 11. Kva erfaringar har kommunen med bruk av BEST-systemet?

Svara tyder på ei blanda erfaring. Nokre kommunar svarer at dei har store problem med BEST-systemet, medan andre har gode erfaringar. Det er likevel klare signal om at systemet krev for mykje vedlikehald.

## 12. Kor mange av fagsystema i kommunen har støtte for NOARK 5?

Eit vanskeleg spørsmål der svara er såpass sprikande at det ikkje gir noko godt haldepunkt for konklusjon.

## 13. Om lag kor mange innsynskrav får kommunen i løpet av eit år? Gjeld både skjerna og uskjerma dokument.

Stort sprik i svara. Det synest likevel klart at dei kommunane som tilbyr fulltekst-tilgang både til inn- og utgåande brev, opplever reduksjon i førespurnader om innsyn.

#### 14. Om lag kor langt tid brukar kommunen på eit innsynskrav (knytt til eitt konkret dokument)?

Her er det store variasjonar i svara, frå 10-15 minuttar til 1-5 dagar. Vanskeleg å seia noko generelt om dette sidan det varierer mykje frå sak til sak.

#### 15. Kor mykje tida brukar kommunen i gjennomsnitt på å tilretteleggja postlista for ein dag?


Dei fleste oppgir ca. 30 minuttar, men då er ikkje registreringa i arkivsystemet medrekna.

#### 16. Kva er status for kommunen si avlevering av arkivmateriale til depot?




#### Kva er status for kommunen si avlevering av arkivmateriale til depot?

Besvart: 24 Hoppet over: 2





## 17. I tilfelle kommunen har eit etterslep, kva skuldast dette etterslepet (fleire svar er muleg)?



## 18. Kva er behov og ønskje for avlevering framover?

Å få avlevert alt arkivmateriale for heile organisasjonen t.o.m 1999.

Ønske er der - mangler tid. Har det på lista.

Gbnr arkivdel

Betre fleksibel ordning for avleveringa (Dette er no i ferd med å betre seg) Meir fokus frå kommuneleiinga og at det kan bli sett av nokre ekstra ressursar både frå fylkearkivet og kommune slik at vi kan få rydda opp i eldre arkiv. Framtida vil jo vere elektronisk slik at arkivarbeidet no er i stor endring

Har ikkje konkrete planar. Har valt å prioritere innføring av elektronisk arkiv og SvarUT/SvarINN. Viser elles til Riksarkivet sine rapportar frå kommunane om mengde arkivmateriale, både ferdig ordna og uordna - sjå nettsida deira.

Stort behov for å ordne og avlevere papirarkiv og digitale arkiv.

behovet er å kjøpe tenester - utfordringar er budsjett

Fortløpande avlevering til fylkesarkivet.

Uvisst kvar xxx skal avlevere pga kommunesamanslåing. Uansett treng ein meir ressursar til arkivtenesta for å få avlevere.

Kommunen skal avlevere for tidsrommet 1965 - 1997

ein del uordna materiale ynge enn 1964, treng meir ressursar, økonomisk for å betale for ordning av td Fylkesarkivet

Me kunne nok tenkt oss å avlevert arkivmateriale, ettersom lokala våre er "sånn passe", men ser ikkje heilt korleis me skal få tid til å ordne materialet. Med dårleg kommuneøkonomi er det heller ikkje noko alternativ å leige hjelp til dette.

Personregistermateriale. Periode frå 1964 - ca. 1998

Pga samanslåing av kommuner - relativt stort behov

Avlevering digitalt


Vi planlegg å komme i gang med arbeidet med avlevering.

Rydding av personregister og saksarkiv frå 1965 - 1988/1990. Nyare arkiv (1988/1990 - 2009) har vi avtale med Fylkesarkivet om at dei tek imot urydda.

Vi jobber med arkiv og klargjøring for avlevering hver dag.

Kommunen treng først og fremst mere ressursar til ordning av arkivmateriale. Grunna plass er det behov for å deponere mere av arkivmateriale. Utfordringa for kommunen er det økonomiske ved leie av mere plass på fylkesarkivet og utgifter ved å øke bemanninga


## 19. Har kommunen teke i bruk SvarUt?



## 20. Har kommunen teke i bruk SvarInn?

### Har kommunen teke i bruk SvarInn?

Besvart: 24 Hoppet over: 2



## 21. Kva tenkjer kommunen om løysingane for for kommunikasjon med innbyggjarar (SvarUt i hovudsak gjennom Altinn og sikker digital post frå Difi)?

Må evt. komme tilbake til dette.

Digital kommunikasjon med innbyggere er selvsagt framtida. kan være forvirrende for innbygger - de tror at de skal sende svar til kommunen til Altinn. Kommunen har ennå ikke fått annen måte å motta digital post enn epost. Undersøker muligheter.

Ønskjer å ta det i bruk. Nordfjordkommunane i fellesskap.

Manglar erfaring frå bruk, men verkar greie. Avhengig av innbyggjarane sin nettbruk.

God løysning så lenge interne rutiner blir fulgt

Vanskeleg å seie noko om det før vi har fått teke det i bruk og fått litt erfaring med det.

SvarUt virkar ok, det vesle eg kjenner til dette. Altinn er ikkje god løysing for kommunen. Mange påloggingar og stor sjanse for dokumenttap. Så lenge ikkje kommunen har offentleg sagt at vi skal mottak på Altinn, bør vi heller ikkje få post dit. Slike løysingar for kommunikasjon mot innbyggjar eller offentlege organ MÅ vere integrert mot saksbehandlarsystem.

Bra løysing.

Det er ikkje kome i gang planlegging, evt eit samarbeidsprosjekt i Nordfjord, evt ny kommune etter samanslåing.

Har planar

At dette er løysingar som skal lette kommunikasjonen

Veldig bra, men her har me også hatt tekniske utfordringar som gjer st ikkje så mange sakshandsamarar har teke ordninga i bruk.

Positivt at vi digitaliserar innbyggardialogen

Plan om gjennomføring i 2018

Dette fungerer heilt supert, og me ser at mesteparten av innbyggjarane les dokumenta digitalt

Det blir bra for innbyggjarane

Vi avventer leverandør av saksbehandlarsystemet sine tilrådingar om kva kommunikasjon vi skal ta i bruk, og når systemet er klar for å ta det i bruk, vil vi starte.

Me er positive til dette, men me er avhengige av at løysinga er stabil. Det blir ei utfordring å få innbyggjarane til å opprette digipost eller liknande.

Det er ikke på nåværende tidspunkt tatt stilling til hvilken løysning en skal velge.


Planen er å komme i gang med det etter hvert

## 22. Har kommunen planar om å ta i bruk Sikker digital post (frå Difi) for kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv?



### Har kommunen planar om å ta i bruk Sikker digital post (frå Difi) for kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv?


Besvart: 22 Hoppet over: 4



23. Har kommunen teke i bruk, eller har planar om å ta i bruk, e-signering for innbyggjarar og næringsliv?

**Har kommunen teke i bruk, eller har planar om å ta i bruk, e-signering for innbyggjarar og næringsliv?**


Besvart: 22 Hoppet over: 4



24. Viss kommunen ikkje har teke i bruk e-signering, kva skal til for at de gjer det?

**Viss kommunen ikkje har teke i bruk e-signering, kva skal til for at de gjer det?**

Besvart: 21 Hoppet over: 5



## 25. Har du andre kommentarar til dette temaet eller til spørjeundersøkinga?

SvarUT/SvarINN/SDP: Altfor mange forvaltningsnivå å forhalde seg til når det gjeld innføring: Difi, KS, Evry på vegner av folkereg og leverandør av fagsystem.

Tema(dig. ordningar for sending/mottak): Virka litt uoversikteleg akkurat no. Litt "mange" alternativ som blir lanserte litt for tett, og det blir nesten teke som ein selfølgje at kommunane held same tempo. Vi er mange kommunar som skal ta inn over oss desse ordningane. Kostnad er sjølvstapt eit tema også.

Dette er eit svært spennande prosjekt, som me ser fram til å bli ein del av.